

**Forbundet Kysten, Fortidsminneforeningen,
Norsk Forening for Fartøyvern,
Norsk Fyrhistorisk Forening, Norsk Skipsfartshistorisk Selskap.**

28.06.02.

Til
Miljøverndepartementet
Avdeling for kulturminneforvaltning
p.b. 8013 Dep
0030 Oslo.

**NOU 2002:1 Fortid former framtid – utfordringer i ein ny kulturminnepolitikk.
Felles høyringsuttale.**

Vi viser til Miljøverndepartementets høyringsdokument dagsett 28.02.02.

Forbundet Kysten, Fortidsminneforeningen, Norsk Forening for Fartøyvern, Norsk Fyrhistorisk Forening og Norsk Skipsfartshistorisk Selskap representerer den samla blokk av frivillige organisasjonar med det norske kystmiljøet i eit kulturhistorisk perspektiv som arbeidsområde.

Dei fem organisasjonane dekkjer kvar for seg ulike delar av kystkulturen og har til saman om lag 18 000 privatpersonar, 103 fartøy, samt kommunar, fylkeskommunar, museer, fyrslag, venneforeiningar osv. som medlemmer.

Organisasjonane har innleia eit samarbeid for å bidra til å fokusere på den norske kystkulturarven.

I det vidare kallast dette samarbeidet "Kystnettverket".

Det følgjande dokumentet er "Kystnettverkets" felles høyringsuttale for NOU 2002:1.

Organisasjonane vil kvar for seg bidra i høyringsprosessen for NOU 2002:1 med eigne høyringsfråsegner innafor sine kompetanseområder. Vi viser til desse.

I tillegg viser vi også til KORGS høyringsfråsegn.

Vi ser fram til eit vidare samarbeid for å gje norsk kystkultur eit nødvendig løft i tida som kjem.

Med vennleg helsing

Arne Hole/s/
Forbundet Kysten
-leiar-

Kristen Grieg Bjerke/s/
Fortidsminneforeningen
-generalsekretær-

Jan Arntzen/s/
Norsk Forening for Fartøyvern
-leiar-


Stein Malkenes
Norsk Fyrhistorisk Forening
-leiar-

Per Alsaker/s/
Norsk Skipsfartshistorisk Selskap
-leiar-

"Kystnettverkets" fellesuttale til NOU 2002:1.

1. Prioritering av kystkulturen.

1.1. Kystkulturen fell gjennom på nytt.

Kulturminneutvalget løfter opp kystens kultur i sine målsettingar, men let kystkulturen falle gjennom og bli fråverende i delen om tiltak og realpolitikk.

"Kystnettverket" oppmodar sterkt om at kystkulturen blir eit gjennomgåande, topprioritert satsingsfelt i den framtidige norske kulturminnepolitikken.

2. Forvaltning.

Hovudansvaret for det norske samfunnets kulturarv er ei statleg oppgave.

2.1. Samla Nasjonal Kystkulturplan.

Det må utarbeidast ein "Samla Nasjonal Kystkulturplan" for vern, forvaltning, økonomi og formidling av norsk kystkultur.

2.2. Framtidig kystkulturforvaltning.

"Kystnettverket" foreslår å opprette eigen Kystantikvar under Miljøverndepartementet.

Fartøyvernets rolle må synleggjerast og forsterkast.

Forvaltning av norske fyrstasjonar må overførast frå Fiskeridepartementet til Miljøverndepartementet.

2.3. Kommuneprosjektet.

Hovudansvaret for det norske samfunnets kulturarv er ei statleg oppgave.

"Kystnettverket" er imot delegering av ansvar for kulturvernet til kommunane før områder som økonomi, kompetanse og regelverk er langsiktig øyemerka og på plass.

Frivillige kulturvernorganisasjoner på lokalplan har liten mulighet til å oppfylle den rolla dei er tiltent i NOU 2002:1.

3. Økonomi og frivilleg arbeid.

For å løfte framtidig forvaltning av kystens kulturhistorie opp på eit akseptabelt nivå, trengs eit strukturert og forutsigbart samarbeid mellom det offentlege og dei frivillige organisasjonane.

Som det viktigaste samarbeidsgrunnlaget trengs stor tilførsel av pengar, samt eit felles økonomisk verdivalg:

Økonomisk gevinst må aldri vere eit mål for å verne og forvalte eit kulturminne.

3.1. Kulturminnefondet.

Kulturminnefondet må opprettast som eiga stifting og gjevast ei avkasting på minimum 100 millionar kroner.

Frivillige organisasjonar må vere representert i styret for fondet.

3.2. Auka driftsstøtte til frivillige organisasjonar.

Driftsstøtta til frivillige organisasjonar må aukast både sentralt og lokalt for å få til eit vidare samarbeid.

3.3. Økonomiske tilskotsordningar.

Det må etablerast særskilte økonomiske tilskotsordningar for kystkulturen på same måte som i landbruket (f. eks. STILK).

4. Kompetanseoppbygging.

4.1. Gjennomgåande kulturminneopplæring.

Det må etablerast gjennomgåande utdanning i kulturminnefag i heile skulesystemet. Kulturminnestudier må gi like god kjennskap til alle kategoriar kulturminner.

4.2. Handverkskompetanse.

Kompetanseoppbygginga innan handverk må styrkast ved aktiv bruk av kompetansereformen og samarbeid mellom Norsk Håndverksutvikling, Fartøyvernssentra og Studieforbunda.

5. Lovgrunnlaget.

Det er på tide å forbetre og koordinere lovgrunnlaget for sektoren.

5.1. Forbetring av Kulturminnelova.

Kulturminnelova må få ny innhaldsforståing og språkdrakt som står i forhold til dagens og morgendagens kulturminneutfordringar.

Den gjeldande Kulturminnelova set kulturminnevern inn i ein arealbrukskontekst, og begrepsbruken i lova dreg i same retning.

Den nye Kulturminnelova må bruke begrep som ikkje rangerer kulturminner.

Ei ny Kulturminnelov må særleg omfatte vern av kystens kulturminner.

For kystens kulturminner må det opererast med særskilde tidsperspektiv då desse kulturminnene forvitrar hurtigare enn innlandsarven.

5.2. Forholdet mellom ei ny Kulturminnelov og Plan- og bygningslova.

Utvalget søker tiltak gjennom plan- og bygningslova for å lette kulturminneeigarars økonomiske byrder.

Plan- og bygningslova er i stor grad ei arealbrukslov og omfattar landfaste kulturminner.

Kystens kulturminner er i stor grad flytande, mobile og lovause.

Kystens kulturminner må gjevast skikkelege lovheimlar.

Dette må koordinerast.